

---

**Fra:** Anny Bastesen  
**Sendt:** 26. september 2014 10:46  
**Til:** kontakt@easytrain.no  
**Kopi:** Kristin Nåmdal  
**Emne:** SV: Spørsmål vedr. forslag til arealplan.

**Spørsmål i samband med planane til Iden Marina:**

Reguleringsplanforslaget for Iden Marina er eit privat planforslag som har vore under arbeid i fleire år, men forslaget har ikkje vore til formell behandling i kommunen (v/planutvalet eller Kommunestyret), og har såleis ingen juridisk status.

Administrasjonen har hatt kontakt med både konsulent og grunneigar undervegs, som vanleg er når nokon søker om å få eit område regulert. Sidan det ikkje vart klargjort kva reguleringsforslaget til sist skulle omfatte, fekk grunneigar spørsmål frå kommunen om vidare prosess. I mars 2013 kom tilbakemelding om at eigar av Iden marina har levert innspel til kommuneplanen sin arealdel om utviding av båthamna, og at reguleringsforslaget som det hadde vore arbeidd med skulle stillast i ro.

I kommunen sitt elektroniske planarkiv (Braplan) kan de finne planforslaget som vart sendt inn, datert 30.05.2011, motteke 15.07.2011. Kategorien er "Planlegging igangsatt". Ein presiserer at planmaterialet ikkje er behandla.

(Ein kjem inn i det elektroniske planarkivet via kommunen sine heimesider, og ved å søke på "Braplan" i søkefeltet øvst til høgre. Den første linja som då kjem opp, kan ein klikke på, den fører vidare til "Kommunale planar". I høgre marg på dette biletet ligg "Relatert informasjon:" BraPlan. Ved å klikke på linken kjem ein inn i planarkivet og kan lese dokumenta som er sendt inn. Skriv inn kommunenamnet, skriv Iden Marina i plannamnet og søk, dei andre feltene treng ikkje fyllast ut. Velg fanekort "Dokumenter").

Det er altså ingen godkjent reguleringsplan for Iden marina.

For kommunen si side har det vore viktig å definere planområdet slik at tilkomstvegen og arealet mellom fylkesvegen og marinaen vart teke med i planforslaget. For å få dette til, vedtok kommunestyret i sak 077/09, møte 16.09.2009, at kommunen skulle dekke 50 % av konsulentkostnadene innafor kostnadsramma.

Når det gjeld innspelet til kommuneplanen, er forslag om utviding av båthamna teke med i den kommuneplanen som no ligg ute på høyring. Dette fordi det er eit generelt behov for fleire båtplassar i kommunen. Det er berre sjølve arealformålet (sjø og land) som er vurdert; private høve og eventuelle grunneigarkonflikter inngår ikkje i denne vurderinga.

Kommunen sin saksbehandlar på reguleringsforslaget har i mellomtida slutt. Det er kommuneplanen som vil legge føringar for eventuelt vidare planarbeid i området. Kommuneplanen gjeld frå kommunestyret har godkjent det endelege planutkastet, etter høyringsperioden og eventuelle opprettningar som følgje av merknader til det som no er sendt ut.

Håper dette er klargjerande for status. Dersom det er problem med å finne dokumenta i BraPlan; ta kontakt med Kristin Nåmdal igjen, ho kan be kartavdelinga sende planforslaget som pdf-fil via e-post.

Venleg helsing  
Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk

Sentralbord 56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)



-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristin Nåmdal  
Sendt: 23. september 2014 13:39  
Til: Anny Bastesen  
Emne: VS: Spørsmål vedr. forslag til arealplan.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: kontakt [mailto:[kontakt@easytrain.no](mailto:kontakt@easytrain.no)]  
Sendt: 23. september 2014 13:29  
Til: Kristin Nåmdal  
Emne: Spørsmål vedr. forslag til arealplan.

Hei!

Takk for hyggelig møte i går.

Jeg sender som avtalt en kort oppsummering og oversikt over spørsmål som vi ønsker nærmere tilbakemelding på.

Det gjelder eiendommene med gnr. 49/25 og 49/155 med grunneiere Karianne Io og Kjetil Io.

Ifbm. forslag til ny arealplan har vi i vårt møte redegjort for vårt standpunkt om at våre eiendommer ikke er aktuelle å innlemme og /eller berøre som del av foreslått utvidet båthavn.

Vi kommer til å gjenta dette i vårt brev til Meland Kommune innen 1. oktober.

Spørsmål ifbm. reguleringsplan eid av Iden Marina:

- Er den første planen trukket tilbake, revidert eller erstattet av ny reguleringsplan?
- Hvilken dato mottok Meland Kommunes reguleringsplan som er gjeldende per nå?
- Har Meland Kommune hatt innsigelser, innspill eller satt vilkår til reguleringsplan og Iden Marina?

- Hvordan ser den aktuelle reguleringsplanen ut?

Vi ønsker å få tilsendt kart og spesifikasjoner både for sjø og på land oppdatert per dags dato på e-post til undertegnede på kontakt@easytrain.no.

- Hva er status på reguleringsplan ifht. behandling i Meland Kommune?

- Når var siste aktivitet fra Iden Marina og/ eller Meland Kommune i saksgang / fremdrift om denne reguleringsplan?

- Hvilke vurderinger er gjort av våre eiendommer som danner grunnlag for at Meland Kommune ønsker å slutte seg til en eventuell ytterligere utviding av båthavn?

- Hvordan er vurderingene utført?

Vi ønsker å få tilsendt dokumentasjon som viser grunnlag for konklusjon.

Vi imøteser deres tilbakemelding, på forhånd takk.

Med vennlig hilsen

Karianne Io